

Flatøy Bygdelag
v/ Styret

Meland Kommune
v/ansvarlig for Flatøy skulebygg

02.05.14

Ønskje om at Meland kommune fjernar gamalt og farleg brakksbygg ved Flatøy skule

Det gamle brakksbygget ved Flatøy skule har i fleire år stått til forfall. Innvendig er det full i råte og er total skada. Vår vurdering er at bygget ikkje lenger kan nyttast.

I alle år har taket på brakksbygget periodevis vore ein tilhaldsstad for barn og unge. Vi ser dette spesielt no når veret vert varmare og kveldane lysare. Ungane samlast ved den nedlagde skulen og det skjer mykje positiv aktivitet både på uteområde ved skulen og inne i skulebygget. Fritidsklubben som vert arrangert i skulebygget anna kvar tysdag samlar mange born, over 30 born i snitt. Fleire har klatra opp på taket i klubbtida og faren for at desse skal verta utsett for ei ulukke ved at nokon går gjennom taket, vurderer vi som stor.

Det kan og vere fare for at heile bygningsmassen ramlar saman. Periodar med mykje nedbør og vind kan bidra til at brakksbygget kollapsar. Bygdelaget ber om at kommunen vurderer bygget snarast, slik at ingen born kjem til skade. Vi minnar om at bygget står ved grensa til barnehagen der born er ute og leikar kvar dag.

Det var snakk om å fjerne brakksbygget dei siste åra Flatøy skule var i drift. Flatøy Bygdelag ønskjer at bygget vert fjerna snarast og vil gjerne kome i dialog med Meland kommune for å få dette til.

Med helsing

Flatøy Bygdelag
v/ Styret